

Alltid, nokre gonger eller aldri?

Stemmer dei følgjande setningane alltid, nokre gonger eller aldri?

Når du adderer to tal, kan du byte rekkjefølgje på tala og framleis få same sum.	Om du legg til 10 og trekkjer frå 1, så er det det same som å leggje til 9.
Når du adderer 10 med eit tal, vil summen vere i 10-gangen.	Når du subtraherer eit tal frå eit anna, kan du byte rekkjefølgje på tala og få same svar.

Kva med desse setningane om figurar?

Om du set saman to kvadrat, får du eit rektangel.	Nokre romfigurar har færre enn fire sideflater.
Når du halverer eit kvadrat, får du ein trekant.	Figurar med fire sider blir kalla kvadrat.
Figurar med tre sider blir kalla trekantar.	